

Høyringsssvar NOU «Lik og likskap»

Frå Eidfjord sokneråd

Me vil gje fylgjande uttale til NOU «Lik og likskap»:

Utvalet som står bak NOU 2014:2, «Lik og likskap», har gjort eit godt arbeid med å få fram konsekvensane av gravferdslovgjevinga i Noreg. Det er viktig at ein går grundig til verks og ser på kva konsekvensar lovgjevinga har for dei ulike delane av landet.

Det er vidare særst nyttig å få talfesta den økonomiske ulikskap som gravferder medfører i landet vårt. Slik sett vil dei endringar som er føreslegne, stort sett vera ei rett utvikling, etter vårt syn. Ikkje minst i møte med den nye tid, der menneske frå ulike trussamfunn, kulturar og nasjonalitetar skal ha krav på dei same tenester, vil ei slik gjennomgang av gravferdslova vera nyttig.

Me vil og framheva verdien av at utvalet har henta informasjon frå våre naboland til samanlikning. Dette gjev god kunnskap om våre eigne tradisjonar sett i eit større perspektiv. Ikkje minst er det nyttig når ein skal vurdera det som er hovudmandatet til utvalet: dei økonomiske spørsmål knytt til gravlegging.

Når det gjeld utvalet si presisering av dei 6 prinsipp for gravferdslovgjevinga, så har me ingen ytterlegare kommentar til dette, anna enn at me er samde i prinsippa.

Når det gjeld dei konkrete endringframlegga frå utvalet, vil me peika på fylgjande:

- Likestilling av kistegravlegging og kremasjon. Dette er ei god og rett utvikling, og eit riktig steg å ta. Når me veit at talet på gravferder vil auka i åra som kjem, vert det heilt rett å ta bort den ekstrabelastinga som kremasjonsavgifta utgjør. Det vil sannsynlegvis auka talet på kremasjonar, noko som i neste omgang vil bety mindre press på utviding av gravareal. Når det så gjeld den føreslegne endringa av ansvaret for bårertransporten frå NAV til den lokale gravferdsforvaltninga, så er me i tvil om dette er ei god løysing. Endringa inneber at NAV ikkje lenger skal yte stønad til transport til krematoriet, men at desse pengane skal gå inn i rammetilskotet til kommunane, som så skal vidarefordelast til fellesråda. Me er uroa for at dette vil bety ei reell nedskjering i budsjetta til fellesråda. Betyr det vidare at det er fellesråda som sjølve skal syta for transporten, eller skal fellesråda yta tilskot til gravferdsbyrå, som tradisjonelt har stått for denne transporten?
- Framlegget om at brukarbetaling for gravlegging i annan kommune enn avdødes heimstadkommune vert oppheva, er og eit godt og riktig steg i retning av utjamning av den ulikskap som me ser i dag. Men igjen: det er føresett i framlegget at den inntekta som fellesråda då misser, skal kompensast med auka overføringar frå kommunane til fellesråda. Me fryktar for at inntektene frå utanbygds gravferd forsvinn, - men at kompensasjonen frå kommunen uteblir. Det vert og eit spørsmål om dette vil råka ulikt i dei ulike kommunar. Me veit at område med mange fritidsbustader fryktar at dei vil få uhandterlege forhold med stort press på gravplassane, dersom alle skal kunna velja kommune fritt.

- Endring av avgiften for feste av grav slik at innbyggerne behandles likt. Utsending av festeavgift er eit av dei viktigaste verktøya for å holde festearkivet ajour. Ettersom den tilviste første grava ikkje utløyser noko kontakt med festar før fredningstida går ut, er det dei brukte og ubrukne festa gravene som i dag sikrar jamnleg kontakt med festaren. Ved festeforfall er festaren er nøydd å respondere og eventuelle endringar blir dermed jamnleg registrert. 20 år utan kontakt er langt tid i denne samanhengen og vil sannsynleg medføre at ein ved festeforfall vil ha eit stort antal graver der ein ikkje har oppdaterte festeopplysningar.

Eit oppdatert festearkiv er heilt nødvendig for å drive kyrkjegardane på ein god måte, det er også ein viktig trygghet for festarane som da kan stole på at dei blir kontakta dersom det er nødvendig. Eidfjord sokneråd meiner ut frå dette at det ikkje bør innførast 20 betalingsfrie år på festa graver.

Høyringsvar vedteke i Eidfjord sokneråd 01-09-2014